

SYNAPSEN



Blackboard





Synapsen

Tidsskriftet til Psykologen
Linjeforeningen for
profesjonsstudiet i psykologi,
NTNU

Redaktør

Trine Smedbøl
trinesmedbol@gmail.com

Økonomi

Live Bårdsdatter Eidet

Web/PR

Eirin Kjøl Wiig

HR

Jakob Hardersen Prydz

Skribenter

Eirin Kjøl Wiig
Elisa Bruvik Sætre
Linnea Marie Dramdal Borg
Vilde Nerdal
Jakob Hardersen Prydz
Mathias Kirknes
Dagny Aakvaag Glomstad

Trykk

NTNU Grafisk senter
Opplag: 220
Dato: 19.10.2017

Kontakt

avis.psykologen@gmail.com
facebook.com/synapsenavis
synapsenavis

2. årgang, #4
2017

Innhold

5

Det er ikkje meg, det er
deg
Historien om et brudd

14

Workshop
I fobibehandling

10

Økonomitips
Fra vår dyktige økonomisjef

18

Psykologyrket
*Intervju med militær-
psykolog Bård Greve*

22

Klokker
*Hva får klokkeentusiastene til
å tikke?*

28

Strikketrøbbel
*Store hinder må overkommes
for å få seg en psykologen
strikkegenser*

30

Livet på laben
*Hvordan er det å forske på
Moserlaben?*

31

Sychnappen
Vår helt egne Synapsedrink!

Leder

Tekst: Trine Smedbøl

Det har skjedd mye siden forrige utgave av Synapsen. Et nytt kull er godt i gang med livet som profesjonsstudent, og et annet er på full fart inn i sitt siste år. Tanken på arbeidslivet som venter kan være skremmende, og i disse tider med oljekrise og økonomisk usikkerhet er det nok mange avgangsstudent-er som er spente på hvordan arbeidsmarkedet vil se ut fremover. Heldigvis har vi valgt en studieretning som ikke synes å få noe problemer med etterspørselen de kommende årene, snarere tvert i mot.

Vi har nylig videreført en

regjering med en likestillings- og inkluderingsminister som har uttalt at overgripe og ofre (eller "gutter og jenter" som hun selv brukte, red. anm.) har like stort ansvar i overgrepssaker, som er skeptisk til lesing av "homo-eventyr" i barnehager, og som mener det er diskriminerende med egne støtteordninger for LHBTQ+ organisasjoner. Nazist er tydeligvis ikke lenger et skjellsord vi bruker på strenge folk uten nødvendigvis å referere til høyreekstremisme. NRK-serien Jævla Homo og påfølgende debatt viser at det kanskje ikke er så lett å være skeiv i Norge i

dag som mange har trodd. Og Donald Trump er fremdeles president. Det siste påvirker kanskje ikke oss i Norge direkte, men det gjør jo verden generelt til et litt kjipere sted. Så frykt ikke - klienter skal vi ha nok av fremover!

Vi som er litt lenger ned i kullene derimot, vi får prøve å ikke tenke så langt fremover. For hva om Norge faktisk har fått et åpent, inkluderende, varmt, og generøst samfunn innen vi er ferdig utdannet? Hva og hvem skal vi leve av da? Nei, lenge leve miljøkrise, fordommer og diskriminering. Vi må jo også tjene til

livets opphold. Vi får gjøre som så mange andre: lukke øyne og ører for fremtiden, og leve i nuet. Det kan du gjøre ved å ta en pause i den travle hverdagen, og nyte morsomme, tankevekkende og interessante tekster i Synapsen. Elisa får ut diverse frustrasjoner, var du ikke på FagKom sin workshop med Kennair kan du få en oppsummering her, og hva er egentlig greia med å bruke flerfoldige hundre tusen kroner på et armbånds-ur? Vår økonomisjef prøver seg tappert som privatøkonom med varierende hell, og du kan få et innblikk i hvordan det er å forske

på ekte Moser-vis. Grubler du på hva du egentlig skal bruke denne utdannelsen din til kan du lese om hvordan livet som militærpsykolog er. Jeg håper og tror vi har noe for enhver smak, og hvis ikke er det ikke annet å gjøre enn å tipse oss om hva du savner.

God lesning!

Trine Smedbøl
Redaktør, Synapsen

Styreord

I hver utgave av Synapsen får lederen av Psykosjen denne spalten til sin disposisjon. Her er nåværende leder Ane Nagelhus sin hilsen til dere.

Tekst: Ane Nagelhus

Kjære losjen!

Takket være gode initiativ og stort engasjement hos nye og gamle losjinger, er det mye spennende som skjer i Psykosjen denne høsten. Turapi har fulgt sitt slagord og har hittil i høst gjort livet til profesjonsstudenter spektakulært med tur til Stadt, Geitfjellet og Innerdalen. Fagkomitéen opplevde oktoberfesttendenser under påmelding til workshop i september, og Arrkom har aldri solgt flere vafler under en vaffellunsj! I tillegg kvitrer nye sangfugler i Psykor, Lokmotiv Pavlov har fått tilskudd i spillerstallen, og mange losjinger (+ tanter og bestemødre) er i gang med strikking av Psykosjengenseren! Ikke minst har rekordmange søkt verv i linjeforeningen vår i høst, og både Synapsen, Arrkom, Fagkom og styret har fått nye, ivrige medlemmer. Et stort hurra for alle dere som gjør at engasjementet i linjeforeningen vår bobler!

I Psykosjenstyret har vi fått to nye medlemmer siden forrige synapseutgave. Styrerookie Didrik har raskt funnet sin plass i styret, og er godt i gang med alt fra kaffekoking til bestilling av profesjongsensere! Elisabeth har



tatt oppgaven som kjellersjef på strak arm, og sammen med losjens nye kjellerkomiteen jobber hun med å gjenoppstarte driften av kjelleren vår. En omfordeling av de nye kjellerne på Moholt, har ført til at vi nå deler kjeller med Omega. Dette blir stas, og vi gleder oss til samarbeidet. En spennende tid er i vente, og vi håper alle vil være med på å vekke Psykosjens kjellerånd!

Åpningen av kjellerne er bare en av mange ting å glede seg til fremover. Vaffellunsjer, strikkekvelder, tur med Turapi, Halloweenfest, og ikke minst julegalla er noe av det vi har i vente. I tillegg er Psykosjens årlige generalforsamling i sikte, og vil finne sted i starten av november. Her ønskes alle losjinger velkomne, og oppfordres til å stille til valg!

Vi i styret takker for en fantastisk start på semesteret og håper å se alle losjinger i verv eller på arrangementer utover høsten.

Stor klem fra Ane

Det er ikkje meg, det er deg



Tekst: Elisa Bruvik Sætre

Foto: Linnea Marie Dramdal Borg

Det er alltid trist når det som i utgangspunktet var ein god relasjon må ta slutt. Vanskelege kjensler blommar. Usikkerheita, ambivalensen, var dette det rette valet? Og endå vanskelegare kan det bli når ein etter kvart finn seg ein ny. Det er umogleg å ikkje samanlikne med det ein tidlegare hadde, og det verste er når ein innser at det ein hadde... var mykje, mykje betre. Dette har eg nyleg kjend sterkt på.

Det var ikkje det at han førre var perfekt. Han hadde heilt klart sine feil og manglar, som alle andre. Men eg følte i det minste at vi hadde ei slags felles semje. Vi forstod kvarandre. Eg visste nøyaktig kva knappar eg skulle trykke på for å få han til å gjere som eg trengte og ønskja. Han gav meg påminningar, hyggelege beskjedar og hjalp meg gjennom ein stressande studiekvardag. Relasjonen var ei god plattform for læring, og læringa var gjensidig. Men ingenting kan jo vare evig. Og dessverre varte forholdet vårt berre i to år. Alternativet var avstandsforhold, men vi skjønte begge at det ville bli for belastande til å fungere. sidan det var snakk om ekstreme avstandar.

Og så møtte eg han nye. Ein ganske annan type enn det eg var vant til. Eit friskt pust i kvardagen min. Meir uføreseieleg av seg, noko eg syntest var rimeleg spennande i starten. Av han visste eg aldri kva som venta – han fann på alle moglege sprell, og eg hang meg på etter beste evne. Men for å vere heilt ærleg kjenner eg at det i lengda blir ganske slitsamt. Venene mine klagar jamleg, for dei forstår seg berre ikkje på han. Ja, til og med forelesarane mine har ytra at dette kanskje ikkje er noko å satse på. Og det får meg jo til å tenke.

Eg må innrømme at eg saknar det vante, trygge og føreseielege. Og av og til googlar eg han førre, berre for å sjå korleis han har det no, om han har fått nye relasjonar eller kanskje ny stil. Eg har tenkt lenge på at dette nye ikkje kan vare. Problemet er at dersom det blir slutt, vil eg ikkje kunne unngå å møte han, for vi befinn oss på same campus kvar dag. Eg trur eg berre får prøve å halde ut litt til, og gi han litt tid. Eg kan nok ikkje forvente at han skal bli akkurat som It's, men kanskje det etter kvart kan fungere mellom meg og Blackboard likevel.

Et møte med redaksjonen

Tekst: Dagny Aakvaag Glomstad, Mathias Kirknes

Foto: Trine Smedbøl

Nå er høstsemesteret godt i gang, og det betyr selvfølgelig nytt nummer av Synapsen - og nye redaksjonsmedlemmer! Da er det på sin plass med en liten presentasjon. Med varierende grad av ironisk distanse har vi i redaksjonen dykket ned i oss selv og funnet tre emojis og et inspirational quote som vi føler representerer oss - så da er det bare å tolke i vei:



Navn: Trine Smedbøl

Kull: 39

Quote:

*“Always be yourself.
Unless you suck”*



Navn: Jakob Prydz

Kull: 39

Quote:

*“Even if you’re on the right
track, you’ll get run over if
you just sit there”*



Navn: Elisa Bruvik Sætre

Kull: 39

Quote:

*“Ein mørk morgon kan
verta ein lys dag”*



Navn: Dagny Aakvaag Glomstad

Kull: 41

Quote:

*“Be fearless in the pursuit of
what sets your soul on fire”*



Navn: Mathias Kirknes

Kull: 41

Quote:

*“Time is an illusion.
Lunchtime doubly so”*




Navn: Linnea Marie Dramdal Borg

Kull: 38

Quote:

"A little too much is just enough (Om kanelboller)"



Navn: Vilde Nerdal

Kull: 40

Quote:

"Alt går over"



Navn: Live Bårdsdatter Eidet

Kull: 39

Quote:

"NEVER. GIVE UP"



Navn: Eirin Kjøl Wiig

Kull: 40

Quote:

"Det ordner seg"

... Og etter dette dypdykket i vår egen psyke er vi klare for å ta fatt på et nytt studieår, med verdigheten mer eller mindre i behold. Vi gleder oss til å heve Synapsen til et nytt nivå!

S

SANDEN
TANNHELSE

STUDENTPRIS 400 KR
Hvorav SiT dekker 250 KR
Kongens gate 60 | 73 52 71 73
www.tannlegetrondheim.no

KOMPETENTE PÅ
TANNLEGE-
SKREKK

“Du”

Et dikt av Sunniva Gjengedal Knapstad

Du får ikkje sove
Riv deg i håret
Tankane svevar
Dei krevar
Dei kvelar
Til det eksploderar
Men du veit
Det er natt
Sov godt, kjære skatt

Kan du stoppe
Stoppe å hoppe
Stoppe å danse
Stoppe å springe
Kan du stå i ro
Kan du være så snill å
Droppe, dropp
No held det
No er det nok
Stopp!
Er det så ille
Å vere litt stille
I eitt minutt
Eg klarar meg eg
Du stilnar til slutt

Ikkje sei det
Eg vil ikkje høyre
Om rumpe og tiss
Om når du fekk nyss i at
Ho ville pule
Pule! Pule!
Ta deg i rumpa
Og så vart du dumpa
Og dumpa...
Og dumpa...
Men ta det med ro
Eg veit du er god

På perfekt rus
Over oss andre
Berre glede

Er ikkje til stades
Stad og tid er ikkje viktig
Les ikkje nyheiter
Heiter du Liv?
Det kan vere det samme
Samme kor trist eg er
Du ser det ikkje
Ikkje ein dritt lenger
Enn di eiga nase
Fjasar og tullar
Tullar du no?
Du kan ikkje meine
At du er den eine
Den beste av alle
Men hugs eg er her
Og dempar fallet

Pengane flyr
Du er eit dyr
På jakt etter meir
Å proppe inn
I kroppen, i skapet
Du skapar eit hol
Som blir større og større
Og så må du spørje
Kan eg låne litt pengar
Så eg får meg mat?
Tar med heim
Fordi du er lat
Så må du spørje igjen
Og igjen
Og igjen
Eg håpar du veit
At det er greit

Kva kjem no?
Den store frykta
Usikkerheita
Går rundt og leitar
Etter teikn og svar
På kva som skal skje
Rundt neste sving

Uansett kva du finn
Så er eg din

Så er du nede
Forferdeleg nede
Har slutta å gråte
Mista heilt håpet
Får ikkje sove
Får ikkje ete
Du skrumpar inn
Heilt aleine
Stirrar i lufta
Lufta er stram
Du har ikkje dusja
På for mange dagar
Dagslys finst ikkje
Alt er mørke
Svart og grått
Du har fått nok
Vil synke i jorda
Alt du vil
Er å møte døden
Men kom hit, kjære deg
Du kan vere hos meg

Så går det bra
No er du deg sjølv
Legg deg
Står opp
Et og trenar
Alt berre går
Kanskje år etter år
Smilar og ler
Kan vere deppa
Men får ikkje hetta
Reagerar normalt
Blir rørt til tårar
Og trist når du sårar
Eg ser det nok
Livet er godt

Noen ord fra forfatteren

Eg fekk nyleg diagnosen bipolar lidning type 2. I prosessen med å fortelje dette til nettverket mitt, opplevde eg at mange har lite kunnskap om bipolar lidning. Eg ville derfor, ut frå mine erfaringar, gi ein enkel og levande presentasjon av sjukdommen for å kunne auke kunnskapen og forståinga. Eg ønskte å gjere dette ved å strukturere og beskrive dei ulike fasene som i ulik grad førekjem ved bipolar lidning.

Diktet er skrive til ein person med bipolar lidning (“du”) av ein som står denne personen nær (“eg”). Å legge perspektivet utanfrå, var eit litterært grep for å synleggjere at bipolar lidning ikkje berre rammar dei som har sjukdommen, men også nettverka deira. I samband med dette ville eg ikkje minst få fram at personar med bipolar lidning i større eller mindre grad er avhengig av støtte frå andre og forståing og aksept for kva dei ulike svingingane fører med seg.

Har du noen dikt, historier, artikler, eller andre tekster du kunne tenke deg å få på trykk? Ta gjerne kontakt med oss på avis.psykolosjen@gmail.com eller på facebook.com/synapsenavis!



Hvem hadde trodd at å møte sin største frykt kunne være morsomt?

I gymsalen på Dragvoll sitter rundt 30 studenter i en hestesko. Jeg kjenner raskt igjen Kennair på Tap Out t-skjorta, og skjønner at jeg har kommet til rett sted. Ansiktsuttrykkene til minst to av deltakerne forteller meg også hvem de heldige edderkoppfobikerne som angivelig skal kureres er. Med min egen edderkoppfobi forhåpentligvis trygt skjult i tilfelle det bes om frivillige setter jeg meg på en egen “reservert for presse” (okei da det stod bare reservert) plass. Kennair trer inn i sin vante scenekarakter, og meddeler at han måtte hente inn en av dagens to frivillige fra utenfor psykologistudiet, fordi kun én av oss turte å utsette oss for eksponeringsterapi. “Det er jo unektelig litt komisk og/eller urovekkende at dere fremtidige psykologer ikke tør å kjenne på deres egne følelser”. Jeg nikker enig, og ignorerer den åpenbare kognitive dissonansen dette gir meg.

Jeg er stolt over å gå på et studie med så engasjerte studenter at de vil bruke fire timer en ettermiddag utenom forelesning for å lære mer om faget. Samtidig forundrer det meg at noe så grunnleggende og “enkelt” som fobibehandling må tillegges en liten, frivillig workshop, og ikke nærmest er en introduksjon

FagKom presenterer:

Workshop i fobibehandling

Tekst: Trine Smedbøl

Foto: Trine Smedbøl

til hele studiet. For snakk om å skape motivasjon og engasjement for psykologi og behandling! På bare halvannen time gikk Nina (kull 36) fra å rapportere angsten sin til 8 (på en skal fra 1 til 10) før edderkoppen i det hele tatt var i nærheten av henne, til å ha edderkoppen kravlende over hendene sine. Leende, og til stor jubel fra publikum. Kim Andre (Datateknologi) gjorde det

samme på bare en halv time, etter å ha fått en tydelig effekt av modellering ved først å observere Nina. Dette forteller meg hvor viktig arbeidet til fagkomiteen er, og hvor glade vi skal være for at noen gidder å bruke sin fritid på å fylle hullene i utdannelsen vår.

”How can a man be brave if he is afraid? That is the only time a man can be brave”

Angst motiverer til unngåelse og sikringsatferd, forklarer Kennair. God angstbehandling må fokusere på begge, om ikke er det nytteløst. Du kan eksponere en klient så mye du bare vil for det den er redd for, men hvis du ikke samtidig tar tak i sikringsatferden vil de bare kompensere med mer av dette. Jeg vet jo at jeg har hørt det før. Allikevel er det noe helt annet å se det i praksis. Edderkoppen kommer nærmere - angsten går opp. De frivillige hopper unna, spenner kroppen, hylar, tar seg til nakken - sikringsatferd. “Den kommer til å hoppe opp av glasset”, “det ekle er at de er så edderkoppete”, “de er onde”, “den hadde spist meg om den kunne” - selvinstruksjoner som bekrefter og forsterker frykten. Men for hvert steg går angsten raskere ned, og de blir mer klar over både egen sikringsatferd og de

logiske bristene i selvinstruksjonene. Snart tar det bare noen få minutter fra angsten spretter opp til 8-9, til den er nede på 2-3.

“Hvorfor meldte du deg egentlig på dette?” Spør Kennair Nina. “Jeg var litt full da jeg sa ja”. En forståelsesfull latter brer seg i rommet. “I tillegg skal jeg snart ut i praksis, og så blir jeg så irritert på at jeg blir så pinglete på en sånn ting”. Dette bygger opp til et nydelig og rørende øyeblikk hvor Kennair minner oss på et av de flotteste sitatene fra Game of Thrones: “How can a man be brave if he is afraid? That is the only time a man can be brave”.

Nina nærmer seg gradvis målet om å ha edderkoppen kravlende på hånda



Uæ den var ekkelt! Jeg kaster den på bordet heller enn å ha den trygt oppi glasset jeg

Etter 4 timer med fullt fokus, øredøvende stillhet, dunkende hjerter, litt hyling (men overraskende lite), og imponerende mestring, går workshopen mot slutten. Jeg har selv tydeligvis nytt godt av litt modellering, og nærmer meg bråkjekt Nina og Kennair for å knipse noen nærbilder. Edderkoppen faller ned på bordet, og jeg ramler bakover. Jaja, full uttelling får jeg vel ikke ved å bare observere andre overvinne sin angst.

Jeg kan uten tvil si at jeg fikk det jeg kom hit for; en boost i studiemotivasjonen, fornyet kunnskap, og tro på at vi som psykologer virkelig kan gjøre en forskjell. Av det jeg ikke kom hit for kan det nevnes historier om at



Kennair har stått på scenen på et fullsatt Rockefeller, at han har vært gjest på Skavland, og da han hadde en levende slange i buksa på slangeshow i Tunisia. Men så hadde jeg heller ikke regnet med noe annet...



Psykologyrket:

Intervju med Bård Greve

Tekst: Vilde Nerdal

Selv om vi har et praksisorientert studieløp kan det være vanskelig å forestille seg hvordan psykologens arbeidsdag faktisk ser ut. Bård Greve har spesialisert seg i klinisk voksenpsykologi, i tillegg til å være et godt eksempel på hvordan man kan bruke psykologutdannelsen i ulike arbeidssektorer. Synapsen har intervjuet han for å få et inntrykk av hvordan han benytter profesjonsgraden i arbeidslivet.

Hva er din utdanning og hvorfor valgte du denne utdannelsen?

På videregående ble jeg interessert i menneskets psyke og hva som gjør at mennesket handler som de gjør. Muligheten til å kunne å hjelpe folk endre atferd og tanker, og på den måten hjelpe de på vei til et litt bedre liv, motiverer meg både nå og under studiet. Jeg utdannet meg til psykolog ved UiO, og ble uteksaminert i 2002. Arbeid og organisasjonspsykologi interesserte meg

spesielt, og jeg underviste i dette under hovedpraksis i Sør Afrika på University of the North.

Hvilke yrkesretninger valgte du etter å ha fullført profesjonsgraden, og hvilke yrkesområder har du jobbet i etter uteksamineringen?

Jeg har spesialisert meg i klinisk voksen, og gjennomført praksis på barn, DOP voksen i psykoseteam, akutteam på DPA (han startet og ledet dette i to år) og døgnspraksis på Sikkerhetsavdelingen på Gaustad. Har også tatt Kognitiv psykologi videreutdanning gjennom Forening for Kognitiv Psykologi.

Etter praksisløpet jobbet jeg to år i et lite privat selskap med seleksjon av deltakere og programledere til TV, samt oppfølging av disse. Parallelt begynte jeg i Forsvaret, i Stressmestringsteam Østland. Der jobber jeg i en såkalt 18-timers stilling. Det er en 100% stilling, men med kun 18 timer bundet arbeidstid. Jeg jobbet da kun tre dager i uken i det private

firmaet ved siden av to dager i Forsvaret (to dager à 9 timer). Etter et par år fikk jeg tilbud om å skrive spesialisterklæringer for veteraner som søker om erstatning etter utenlandstjeneste. Jobben går ut på å vurdere om de har fått psykiske senplager etter tjenesten. Jeg sluttet da i det private firmaet og begynte som selvstendig næringsdrivende ved siden av Forsvaret. Oppdragene om erklæring får jeg gjennom et privat senter for nevrologer og nevropsykologer. I flere år jobbet jeg altså i Forsvaret to dager i uka og skrev erklæringer i tre dager i uka.

Det siste året har jeg også fått en stilling som rådgiver ved NAV. Der er jeg ansatt som selvstendig næringsdrivende i en prosjektstilling, hvor de leier meg inn én dag i uken. Ett år søkte jeg og en kollega midler gjennom Extrastiftelsen for gjennomføring av kurs i mindfulness i bydelen vi bor i, og fikk midler til dette. I tillegg har jeg sammen med noen kolleger fra Forsvaret vunnet anbudet for seleksjon av flygeledere for Avinor, en kontrakt på tre år med mulighet for forlengelse. Det er en jobb vi gjør over to sammenhengende uker i løpet av våren. Ved siden av dette har jeg også et par klienter jeg har fulgt opp en periode gjennom en privat praksis som en kamerat driver, men de er avsluttet nå.

Psykolog i militæret er kanskje ikke det første de fleste kommer på som mulig yrkesvei. Kan du utdype litt om denne jobben?


Vi følger opp soldater under førstegangstjeneste, offiserer i tjeneste og veteraner som sliter med psykiske plager. Ofte holder det med kort oppfølging og noen råd, andre ganger har vi de i terapi over lengre tid. Men det skal ikke være et alternativ til det offentlige helsevesen, så vi henviser ofte til lokal DPS eller fastlege om vi ikke har kapasitet eller kompetanse. Ofte gir vi rask og kortvarig hjelp, deretter vurderes det om de trenger videre behandling. Vi deltar under innrykk (seleksjon til førstegangstjeneste) og vurderer de som har eller trenger utredning for psykiske plager.



Vi gir råd til alle som trenger det innenfor vårt fagfelt. Vi underviser om stressmestring, suicidalitet og psykiske stridsreaksjoner på de fleste avdelinger under førstegangstjeneste, og for avdelinger som skal reise på oppdrag til utlandet. I tillegg følger vi de opp når de er utenlands, og vi reiser ned og snakker med samtlige når tjenesten er halvveis. Når de kommer hjem har vi samtaler med alle sammen, og følger opp videre ved behov. Vi deltar også på vakt, der vi kan få oppringning om det skjer noe i en leir og vår bistand behøves. Vakttelefonen styres av et befal som eventuelt kontakter oss ved behov. Vi har telefonvakt i én uke, fire ganger i året. I tillegg deltar vi på seleksjon av elever til alle krigsskoleutdannelsene i Norge.

Dette var mye forskjellig! Hvordan ser en typisk jobbhverdag ut?

Jeg treffer daglig et par klienter, både soldater og offiserer som følges opp, mange med angstplager og lett depresjon. Ofte får vi inn folk som kommer rett fra utenlandstjeneste, da vi skal ha en individuell samtale med alle. Vi har pilotprosjekter der vi prøver ut nye terapiformer, blant annet Mindfulness. Et par ganger i året deltar jeg også på





samlinger der vi treffer alle soldater som kommer fra utenlandstjeneste. Alle skal gjennom tre samlinger: mellom-landing rett etter avsluttet utenlands-tjeneste, etterlanding seks måned-er etter avsluttet utenlandstjeneste, og avslutningssamling 12 måneder etter avsluttet tjeneste. Dette skal alle gjennom for å sikre at de har taklet tjeneste og omstillingen til normalt sivilt liv godt, og eventuelt vurderes for videre tjeneste i Forsvaret.

Er det noen spesielle fagområder som har vært av større betydning i denne typen arbeid?
Generell psykologisk forståelse av menneskelig atferd og reaksjoner er vesentlig for det arbeidet vi gjør med soldater og offiserer. Vi bruker i hovedsak det som vi ser fungerer, og derfor er kognitiv psykologi viktig. Alle i min tjeneste, ca 30 psykologer og fire psykiatere, har fått videreutdanning i Kognitiv psykologi som et felles ståsted. Vi bruker mye normalpsykologi, og jobber med lettere psykiske plager som mild angst og depresjon. Vi jobber i hovedsak med svært oppegående mennesker og da er det normalpsykologi som fungerer best. Vi ser sjeldent alvorlige psykiske plager, selv om det har vært tilfeller i møte med unge rekrutter. Så en generell bakgrunn innen klinisk voksenpsykologi er viktig. Vi har ingen barn eller eldre personer over 60 år her. Vi har også behov for noe forståelse av organisasjoner, og samfunnspsykologi er et nyttig felt i så måte.

I tillegg er det en av våre avdelinger som forsker på de erfaringer folk som har tjenestegjort utenlands gjør seg, og flere har skrevet og kommer til å skrive doktorgrader på dette temaet.

Hvilke valg og retninger i din psykologkarriere har du opplevd som mest givende?
Jeg trives med å utrede unge menne-sker utsatt for vold og overgrep gjennom erstatningsordningen til *Kontor for Voldsoffererstatning*. Der kan jeg bidra til at de får noe igjen for de plager de er påført.


Har du noen videre ambisjoner og planer du jobber mot i dag?
Jeg ønsker å jobbe mer privat klinisk med atferdsendring rettet mot livsstilssykdommer. Jeg jobber med et prosjekt rundt dette som foreløpig kun er i støpeskjeen.

Har du noen tips eller anbefalinger til dagens psykolog-studenter?
I dag ville jeg fokusert på skjæringspunktet mellom psykologi og IT. Det blir stadig mer databasert helsetilbud, men det ser ikke ut til at det er så mange psykologer som deltar på dette. Jeg tror flere behandlinger og tiltak etter hvert vil kunne automatiseres i noen grad, og her bør psykologer delta.



Prikk til prikk - akademikerversjonen

Vi er veldig nysgjerrige på hva dette egentlig blir, så send oss gjerne den ferdige tegningen!
Lenge leve prokrastinering



Vis meg klokka di, og eg skal fortelje deg kven du er



Tekst: Elisa Bruvik Sætre
Research: Jakob Prydz
Foto: Eirin Kjøl Wiig

Pink Floyd har skrive song om det, Einstein har utvikla teoriar om det, og eit av verdas største magasin er oppkalla etter det. Eg snakkar sjølv sagt om tid. Noko så abstrakt og mystisk, men samstundes så kvardagsleg. Tidlegare blei tida berekna med både sol (som kasta skugge frå ei rett søyle) og vatn (vassklokker som fungerte som timeglas), og arkeologar har funne teikn til vassklokker i Egypt og Babylon som er over 3500 år gamle.

I kvardagen møter vi den gjerne i form av klokker. Store eller små, overdådige eller minimalistiske, maskuline eller feminine. Sjølv om dei kjem i mange variantar, har dei alle éi oppgåve til felles: Å orientere oss menneske om tid. Men dersom dette er den einaste oppgåva til klokka og noko alle klokker får til – kva er det som får somme til å svi av millionar av kroner på dette? For å prøve å løyse dette mysteriet, har vi i Synapsen forhøyr oss i klokkemiljøet for å forstå deira fascinasjon, entusiasme og kjærleik for klokker. På eit nettforum fann vi vårt første intervjuobjekt: Ein

anonym informant som sel klokka si for den nette sum av 469 000 kr (!). På spørsmål om korleis han blei interessert i klokker, svarer han at han som 13-åring blei presentert for ein Rolex ("GMT Master" for spesielt interesserte) som faren sin kollega hadde kjøpt. Og dermed var klokkefetisjen eit faktum: "Sjølv om eg då først og fremst syntest klokka var tøff, var dette ei openberring og introduksjon til dei mekaniske ur si verd", fortel han.

To år seinare blei 10 000 kr svidd av på ein brukt Rolex Gmt Master 1675. Men denne blei seld då han var 30 år "i eit ubevisst augeblikk, for å finansiere ei anna klokke." For 25 000 kr. Dette angra han på, men trass i at han fleire gonger kontakta samlaren med håp om å få kjøpe klokka tilbake, har det ikkje vore aktuelt. Før i år. Samlaren hadde fått eit bod på klokka frå ein kamerat, på 100 000 kr. Informanten vår måtte likevel avslå ettersom han ikkje "klarte å svelge verdiauka på 75 000 kr" (altså 85 000 kr dyrare enn han sjølv kjøpte den for).

Det er altså store summar i sving, og då skulle ein gjerne tru at ein nøydde seg med éi klokke. Den gong ei. "Sidan eg entra arbeidslivet

har eg eigd meir enn 100 mekaniske klokker. Gjerne same modell fleire gonger." Og når det gjeld kva modell som er favoritten, svarer han: "Sjølv om eg har stor sans for mange merker innan den mekaniske klokkeverda, ligg Rolex mitt hjarte nærmast."

*"Sjølv om eg har stor
sans for mange merker,
ligg Rolex mitt hjarte
nærmast"*

Etter å ha lese dette, kan ein jo lure på om vi har heilt same oppfatning av kva "klokke" inneber. På spørsmål om kva ei klokke betyr for han, svarar informanten at han oppsummert kan svare handverket, men utdjupar med kor viktig det er at klokka har eit eigeprodusert urverk. "Eg verdset kvaliteten og tilfredsheita av å vite at urverk og delar er eigenproduert og montert i produsenten sine egne lokale." Han legg til at mekaniske klokker er "the real deal".

Men kva er eigentleg greia med desse mekaniske klokkene? Informanten fortel at han fascinerast av at det er handrørsla hans som gir mikromekanikken og dei mange hundre delane nok energi til at det held maskineriet i gang. At ikkje "kunstige stimuli" er batteri. Han utdjupar og blir nærast poetisk: "Ei kasse som er eit kunstverk i seg sjølv, som skin der den skal skine og ikkje skin der den ikkje skal skine. Ei lenkje som er så solid at du ville satsa livet ditt på at den heldt i alle situasjonar og som samstundes er laga slik at den kjæriteiknar handleddet ditt i daglig bruk." Ja, her er det vanskeleg å ikkje bli rive med av entusiasmen.

Vidare beveger vi oss til andre sida av disken i urmakarforretninga. Korleis er det å vere den som sel klokker? Kva får ein til å velje

urmakaryrket? Kva betyr klokker for fagfolka? Vi intervjuar urmakar, og tilfeldigvis òg faren til redaktør Trine, Terje Larsen.

For Larsen var det ikkje akkurat gutedraumen å ende opp som urmakar. Han byrja som ekstrahjelp i forretninga til faren etter militærtenesta då han hadde eit halvt år utan noko å gjere. Han har no vore der i 42 år, men påpeikar at urmakarar ikkje lagar klokker frå botnen av, slik mange kanskje ville tru. Tittelen kjem derimot frå tyske "uhrmacher", og betyr "urreparatør".

Kva betyr så ei klokke for ein urmakar? Larsen fortel at klokka er mykje meir enn ein tidsmålar. "I ei klokke finst det ypperste av mekanisk og teknisk kvalitet, topp design, bruk av førsteklasses materiale, kunnskap nedarva gjennom generasjonar, og i tillegg

KLOKKEFAKTA

- Vitskapen om å måle tida blir kalla for "horologi".
- Den første offentlege klokka var truleg klokka i San Gottardo-kyrkja i Milano, 1336. Klokkene ringte ein gong i timen.
- I 1759 mottok John Harrison, ein sjølv lært urmakar frå Yorkshire, 20 000 pund (tilsvarar 20 millionar kroner i dag) for å ha løyst lengdegradsproblemet (sjømenn brukte breiddegrader frå sola for å navigere utan land i sikte, men trong klokke til lengdegradene). Dette hadde han brukt 30 år og fem prototypar på å få til.
- I november i fjor blei rekorden for dyraste selde armbandsur slått ved ein auksjon i Geneve. Ei Patek Philippe 1518 ble solgt for 11,002,000 sveitsiske franc, som tilsvarar i overkant av 89,000,000 norske kroner med dagens kurs.

kombinerast dette etter kvart med moderne teknologi. Kort sagt; i ei klokke finst det beste frå svært mange område.”

For oss klokke-uvitande kan det gjerne verke som om klokkeverda er full av tradisjonar, historier og stoltheit, på eit fabelaktig og nesten mystisk nivå. Larsen forklarar mystikken slik: ”Mange og lange tradisjonar, nitid arbeid av dyktige handverkarar, ein mekanikk det kan vere vanskeleg å forstå for menigmann. Arv kan bety mykje for enkelte, medan andre igjen gjerne vil kjøpe klokka sjølv.”

Å kjøpe dyre klokker sjølv kan likevel verke uaktuelt for mange av oss studentar, då studentlivet er kjend for å vere ei økonomisk knipen tid (jmf. Live(t)s økonomiskole). Dette ser likevel ikkje ut til å vere tilfellet for studenten Pål (24) som er sjølvutnemnd klokkeentusiast. Kor kom så hans interesse frå? ”Det går litt i arv. Bestefar var urmaker og veldig klokkeinteressert”. I tillegg til at familiehistoria involverer klokker, synest Pål òg historier om klokker er spennande: ”Rolex var først på Mount Everest. Omega Speedmaster var først på månen. Der var det ikkje gravitasjon, så derfor måtte dei ha manuelt opptrekk.” På

spørsmål om populariteten til klokker, svarer han: ”Eg trur mange bruker det som statussymbol.” Han legg til at for mange menn er det det einaste aktuelle smykket å bere. Éin ting er å vere interessert, men korleis praktiserer ein ei slik interesse? Pål fortel at han kjøper både gamle og nye klokker, og at den siste klokka han selde gjekk for mellom 25 000 og 30 000. Han ser altså ikkje på klokker som noko tapsprosjekt, men som investeringar: ”Betre å ha pengane i klokka enn i banken.”

“Betre å ha pengane i klokka enn i banken”

På same vis som klokka går og går, men aldri kjem til døra, kan ein jo lure på om klokkeentusiasten kjøper og kjøper, men aldri finn idealklokka. Til dette kommenterer Pål at: ”Mange får ikkje ro i sjela når dei går inn i klokkeverda, og må alltid ha noko som er betre. Ein venn har klokker til fleire hundre tusen kroner. Eg trur ikkje han får ro i sjela.” Og dersom du kjenner at det rykker i klokkefoten etter å entre klokkeverda, har Pål dette tipset: ”Set deg godt inn i det. Det gjeld å vite

kva som er verdt noko og ikkje. Behandling av klokken gjer dei mindre verdt. Dei som samlar vil ha ripete gamle klokker kor du ser at skiva er sliten. Då er den urørt. Så ikkje ta med bestefars klokke til urmakar for å la nokon byte skiver eller visar. La dei kun smøre mekanismen inni.”

Om du vil ha ein litt mildare start på klokkekarrieren din kan du prøve å få med deg ei såkalla ”unboxing” på nettet. Dette vil rett og slett seie at nokon tek bilete/filmar medan dei opnar opp ei nyinnkjøpt klokke. Jul, bursdag og påske på ein gong for klokkeanarar, altså.

Det ser ut til at sjølv om vi alle må forholde oss til tid, varierer det kva forhold kvar av oss har til klokker. For entusiastane er klokka noko som kombinerer det beste frå både estetikk og mekanikk, og for desse er den så mykje meir enn ein tidsmålar. Det er liten tvil om at tid er pengar i dette tilfellet, og kanskje vil ein finne det givande å investere både tid og pengar i ei slik interesse. Og har ein først blitt interessert, ser det ut til at klokkekjærleiken varer livet ut. Det verkar som at once you go mekanisk urverk, you never go back.

VIKTIGE KLOKKE-ÅRSTAL

- 1923: Første sjølvopptrekkande klokke funne opp av John Harwood.
- 1953: Første menn på Mount Everest, Sir Edmund Hillary og Tenzing Norgay: Sir Edmund har på seg ei Rolex Oyster Perpetual.
- 1960-tallet: Kvartsklokka (batteriklokke) kjem.
- 1969: Månelandinga - mannskapet har med seg Omega Speedmaster, som blir første klokke på månen.
- 1970-tallet: Digitalklokke kjem.
- 2010-tallet: Smartklokke kjem.



kr 469,000

Rolex Platona (116506) vurderes solgt da jeg ønsker en klokke i rosegull.

See more

Message Seller

Like Comment

251

View previous comments 3 of 32

Denne er bare lekker

Like Reply 2 · 17 September at 21:37

Vanvittig flott

Like Reply 1 · 18 September at 12:56

hva med denne?

Like Reply 2 · 18 September at 15:50

Helt sinnsykt...Bare å ta av seg hatten, for ei flott klokke..lykkevit med salget..NB! Har 3 ugifte døtre om bytte kan være aktuelt.

Like Reply 57 · 16 September at 03:05

Bigami er desverre ikke lov


Like Reply 16 September at 11:17

Byr over (?) med en svigermor og ei tante!

Like Reply 16 September at 15:31

Trines grammatikkspalte

Tekst: Trine Smedbøl



For en tid tilbake ble jeg gjort oppmerksom på en finesse i språket vårt som visstnok er veldig vanskelig å forstå for de som ikke har norsk som morsmål. Når brukes *i* og når brukes *på* foran stedsnavn? Det er vel ikke så vanskelig tenkte jeg, man hører jo hva som er rett. Jeg forstod umiddelbart den logiske bristen, for selvfølgelig er det ikke bare å *høre* hva som er rett hvis man ikke kan språket fra før. Det er derfor vi har regler. Så jeg tok tappert fatt på oppgaven å finne hvilke regler som egentlig gjaldt for preposisjoner foran stedsnavn. Jeg bladde meg gjennom kunnskapsparadisene VG-debatt, ABC nyheter, og Kvinneguiden på jakt etter svar. Og svar hadde de. Ingen konsekvente svar, men svar.

Ingen regel uten unntak heter det, men hvor mange unntak kan det egentlig være før det ikke lenger er en regel?

Språkrådet forteller meg at foran de fleste byer og stedsnavn brukes *i*. I Trondheim, i Spania. Men *på* Røros og *på* Gjøvik. Dette tilskrives den presise grammatiske regelen tradisjon. Man bor *i* Lillehammer, men OL var *på* Lillehammer. Dette kan ikke en gang tradisjon forklare. Inneholder stedsnavnet substantiv

som det er vanlig å bruke på foran, slik som på berg og på fjell, skal det brukes på. *På* Kongsberg, *på* Norefjell. Okei, den var jeg med på. Inntil jeg kom på Tønsberg, for det heter da vitterlig *i* Tønsberg. Foran gatenavn brukes *i*. I Nordre gate. Men det heter jo *på* Karl Johan. For å gjøre forvirringen komplett heter det allikevel *i* foran gateadresser; vi kjører *på* Innherredsveien, men jeg bor *i* Innherredsveien 14.

Naturformasjoner som fjell og øyer bør være greit da, tenkte jeg. Det heter jo på et fjell og på en øy. *På* Galdhøpiggen, *på* Svalbard. Jeg begynte å ane et mønster. Men neida, det heter *i* Andesfjellene. En fjellkjede har altså ikke samme regler som ett fjell. Og det heter jo *i* Japan, selv om det er en øy. Greit, Japan er også et land, kanskje det kan forklare det. Men hvorfor heter det da fremdeles *på* Island?

Etter å ha gjennomgått alle de såkalte reglene, følte jeg meg mer forvirra enn noen gang. Her er det så mange regler og unntak at jeg ikke vet hva som bekrefter eller avkrefter hva, og tror derfor jeg må si som Ida Maria som sier som Tungtvann: Æ gir mæ nu fan.

S

Hva skjer?

På/i livet skjer det mye rart. Da kan det være greit med en kalender på/i avisa som gir oversikt.

UKA-17

4. - 28. oktober, Samfundet

UKA er i følge UKA Norges største kulturfestival og arrangeres annenhver oktober. UKA ble stiftet i 1917. Det betyr 100-årsjubileum i år! Tenk så mange erfaringsskriv de må ha. UKA byr på litt av hvert: Konserter, revy, fest, kurs, live-pod, forestillinger og mye mer. Mer info på www.uka.no.

Fagdag: Seksuelle overgrep mot menn

16. oktober, Trondheim Folkebibliotek

Senskader etter overgrep er ofte usynlige for omverden. Den som er utsatt kan føle seg ensom med opplevelsene. Fagdagen tar opp myter, tabu, skam og forskning om utsatte gutter og menn. Mer info på: <http://www.lms.no/program-fag-dag-1610/#more-3292>

Hersketeknikker med Sigrid Sollund

25. oktober, Trondheim folkebibliotek

Det kan være greit å forstå seg på hersketeknikker, både for beskyttelse og (mis-)bruk. De gjør seg gjeldende i alle sosiale arenaer, skal vi tro Sigrid Sollund. Hun har høstet erfaring som programleder i Dagsnytt 18, skrevet bok og inviterer nå til show om hersketeknikker. Studentpris: 50 kronasjer.

4xP - Halloweenfest

27. oktober, Studio 26

PxP (Psykolosjen, PSI, Pareto og Paideia) arrangerer Halloweenfest sammen! Synapsen har hørt at Studio26 er favorittklubben til Petter Northug. Du kan jo kle deg ut som en niendeklassing, så får du kanskje Pettern' på kroken ;)

Koietur med Turapi

10. - 11. november, Natur nær Trondheim

Koietur med Turapi betyr bålkos, tur og god mat og drikke. Du sitter igjen med fabelaktige naturopplevelser, en fin arena for sosial interaksjon og mosjon! Pris: Vent og se, din gjerrigknark!

Psykolosjens Julegalla

16. november, Thon Hotel Prinsen

Åh, herregud, eg kjenne det i skrittet! Arrkom gir deg et selskap uten sidestykke! I finstasen nytes underholdning fra øverste hylle og deilig mat og drikke. Og BTW, dansegulvet har aldri vært mer tiltrekkende. Betalingsinfo på Facebook. Pris: 395 pesos.



MIN KAMP II



Tekst: Elisa Bruvik Sætre
Illustrasjon: Mathias Kirknes

Eg hadde lenge smugkika på den råstilige strikkegenseren til Elise. Den med Psykologen sitt heilt eige strikkemønster på. "Så kult det ville vore å ha ein slik", tenkte eg ofte. Og no hadde eg bestemt meg. Tida var inne. No var det min tur til å prøve. Eg visste ikkje heilt kva eg bega meg ut på. Men eg visste at det ville bli tøft. Tapper gjekk eg med bestemte steg inn i løvas hole. Litt mindre tapper kom eg ut derfrå. Over 500 kr fattigare. 14 garnnøste rikare.

Det er ikkje det at eg aldri har strikka før. Faktisk har eg strikka veldig mange øyrevarmarar. Ja, til og med nokre tøflar (som skulle tovast, vel å merke, så ingen såg om eg strikka feil uansett). Det er berre det at dette har involvert den aller mest grunnleggande strikketeknikken, rette masker all the way, som verken har kravd refleksjon eller ettertanke. Ingen rundpinnar (slike som heng saman med ei slags snor) eller vrangle masker (altså det motsette av rette masker) involvert. Men begge desse skulle vise seg å inngå i genserstrikking.

Medium verka som ein fin storleik. Med eit pågangsmot som ville fått Roald Amundsen til å nikke anerkjennande, sette eg i gang og la opp dei 234 (!) maskene som storleiken kravde. "234 høyrer mykje ut, det må jammen ta lang tid å legge opp", tenkjer du kanskje. Det er heilt rett. Men tanken på å få kome i gang med sjølve strikkinga gjorde at motivasjonen blei bevart. Enn så lenge.

"Med eit pågangsmot som ville fått Roald Amundsen til å nikke anerkjennande, sette eg i gang og la opp dei 234 (!) maskene som storleiken kravde"

Etter å ha strikka éi runde (altså vore innom alle dei 234 maskene) oppdaga eg at om eg hadde heldt fram på denne måten, ville eg ikkje ha enda opp med ein genser. Eg ville ha enda opp med eit gigantisk rektangulært skjerf. Ikkje at ikkje eit gigantisk rektangulært skjerf kan kome til nytte – det kan jo brukast til både pledd, og, ja, hovudsakleg dét eigentleg. Men eg ville jo ha genser. Og ein genser krev jo at sirkelen på ein måte er slutta – det fungerer ikkje å berre strikke ei lang remse. Det er kanskje derfor det heiter "rundpinne", innsåg eg. Fordi ein liksom skal strikke rundt og rundt, ikkje fram og tilbake. Vel vel. Berre å røske opp alt saman.

"... medan tankane lengta til den eventyrlege strikkeprosessen der framme i lyset, i paradiset kor alle strikkeenglane venta på meg"

Eit lite hinder som dét skulle ikkje få stoppe denne strikkestjerna her. Eg la på nytt opp 234 (!) masker, medan tankane lengta til den eventyrlege strikkeprosessen der framme i lyset, i paradiset kor alle strikkeenglane venta på meg. No skulle eg endeleg få strikke på ekte rundpinne-vis, altså rundt og rundt.

Etter ei runde dobbeltsjekka eg oppskrifta for å vere sikker på at det ikkje var nokon feil denne gongen. I r, ja, det betyr jo 1 rett, og eg har jo strikka berre rette masker, så dette ser ut til å vere rett. Nei. Vent. I r, 1 vr. Kva betyr dette?

Eit Google-søk seinare lærte eg at dette betyr éin rett, éin vrang, annankvar maske. Det var no gått to timar. Og eg var ikkje kome eitt steg lenger enn då eg starta.

Men alle gode ting er jo tre. Eg la igjen opp 234 (!) masker og kjente at no skulle det jammen bli godt å få kome ordentleg i gang, på den heilt rette (og for så vidt vrangle) måten. Og jammen hugsa eg å strikke på rundpinne-vis og éin rett, éin vrang. Ei ordentleg meistringskjensle breidde seg i kroppen, og eg kunne med godt samvit legge strikketøyet på hylla til neste dag. Eg gleda meg allereie til å ta fatt på strikkinga igjen.

Dagen etter vakna eg med eit smil om munnen. Eg laga meg ein kopp te, sette på eit magisk Åsgeir-album for å førebu meg til UKA, henta fram strikketøyet og naut livet. Det var ikkje før ein halvtime seinare at eg oppdaga det fatale. På eit eller anna vis hadde eg klart å vri strikketøyet, noko som førte til ein tvist som gjorde at genseren ville blitt heilt umogleg å gå med, og for så vidt å lage ferdig. Verkeleg? VERKELEG? Tolmodet var i ferd med å renne ut. Men etter litt intens "pust inn, pust ut", innføring av aksepterande haldning, samt tanken på kor vakker genseren vil bli når eg berre blir ferdig, gjorde at eg beit tenna saman, la opp 234 (!) masker og sette i gang på nytt.

Og eg har strikka sidan. Dette er ekstremt skummelt. Neste feil kan vente bak neste sving. Denne harmonien kan berre ikkje vare. Hjelp! Nokon. Dersom eg kjem ut av dette i live (les: kjem på Dragvoll i ferdigstrikka genser), er det berre å hente ei bøtte vatn og håpe at det blir vin, for då har det skjedd eit mirakel.

Livet på labben

Tekst & illustrasjon: Linnea Marie Dramdal Borg

*Har du lyst til å lære? Klør du etter å bli utfordret?
Har du lyst til å føle deg fullstendig udugelig? Da
er forskning noe for deg!*

I tredjeetasje på Medisinsk-teknisk forsknings-senter, gjennom inngangen til Norsk senter for hjerneforskning, og i etasjen under Moser og Moser, skriver jeg hovedoppgave. Det burde du også.

Det er gøy å forske, og du møter mye folk. Det er heldigvis flyktige møter, men skanningene våre er flere timer lange. Og når du senere plutselig får øye på dette ansiktet som du vet at du vet hvem er, men ikke riktig klarer å plassere, gjør den innbilt fylleangsten livet litt mer spennende et kort øyeblikk – inntil du innser at ah, selvfølgelig, det var jo han med liten hippocampus.

Jo større utvalg, desto flere personligheter. Mens noen får prestasjonsangst og kravler baklengs ut av det lille hullet i MR-maskinen fordi de er redd vi ser hvor intelligente de er/ikke er, er det andre som er så entusiastiske over teknologien og materialene brukt i joysticken de får utdelt i skanneren, at vi knapt klarer å få de til å ligge stille lenge nok til å ta bilde av hjernen deres.

[illegible]

For å drive med forskning må du:

- Være interessert
- Like datamaskiner
- Gidde

Du må lære deg enkel programmering, og beherske operativsystemet Linux. Du må scripte egne kommandoer for at analysene skal kjøres og prosesseres, og hvis det ennå ikke er for sent anbefaler jeg å følge med i statistikk-øvingene. Jeg begynte å scripte i et språk som heter *Bash*, og ca annenhver dag er det også min innstilling til hele opplegget - men det er *veldig* gøy når du får det til.

Miljøet er godt, og arbeidet givende. Jeg skriver oppgave for en gruppe på Institutt for Nevromedisin, og det er til stadighet seminarer, foredrag og prøvedisputaser fra gruppens medlemmer. Det gjør at du hele tiden får faglig påfyll, så vel som innsikt i hvordan du selv bør legge opp forskningen din.

Dessuten er humoren upåklagelig. For å kartlegge traktene i den hvite massen i hjernen jobber jeg mye i et program som heter TRACULA, så det er helt åpenbart at man ikke får mer moro enn man lager sjæl. TRACULA er laget av forskere på Harvard, og når noe går galt sender jeg de e-post. Det å sende klage-e-poster til Harvard hjelper ganske greit på den akademiske selvtilliten. Anbefales.



Sychnappsen

Enhver avis med respekt for seg selv må jo ha sin egen drink. Vårt mål var todelt: den skulle være så lik vår logofarge som mulig, og den skulle helst smake godt. Du tenker kanskje at det ene av disse målene utelukker det andre, men vi syns vi klarte oss tålelig bra på begge punkter.

3 deler hvit rom
1,5 del Bols Blue Curacao
3 deler sweet and sour mix (se oppskrift under)
5 deler ananasjuice

Rist alt med isbiter
Serveres i vinglass eller plastglass, helst på en
glitrende sølvhatt

Sweet and sour mix:
1 dl vann
1 dl sukker
3 dl presset lime og/eller sitronsaft

Kok opp vann og sukker
Rør inn lime/sitronsaft
Avkjøl



Og alle var enige om at det havde vært en bra kveld



Har du også et sitat du vil formidle? Send en mail til avis.psykolosjen@gmail.com!

Takk til



SANDEN
TANNHELSE

